# Leirveien, Grøtte

| | |
|---|---|
| Namn på plassen | Leirveien |
| GPS-posisjon (UTM 32V) | EU89 UTM33 7023820N 240158Ø |
| Høgde moh | 100 |
| Tilstand | Gardshus |
| Plass under | Grøtte |
| Gnr. Bnr. | 32/13 |
| Tidsperiode | 1768-utpå 1900-tallet |
| Ole Olsen | 1768-1785 |
| Iver Haldosen Hongslo | 1787-1846 |
| Iver Arntsen Melby | 1818-ca. 1860 |
| Malena Iversdtr | Ca. 1860-1899 |
| Anders Iversen | 1900- |
| Fredrik Andersen | |
| Omtale: | Gardtales i Orkdal I s. 300 |



Flyfoto 1957




Ole Olsen født 1731 var den første kjente husmannen ein kjenner til på husmannsplassen Leervei under Grøtte. Han vart i 1768 gift med Kari Engelsdtr Gisvold født 1733. I 1786 døydde det ein Ole Olsen Leervej født 1770 som sannsynlegvis var sønnen deres.I 1786 var begge foreldra døde, Kari i 1785 og Ole i 1786.

Så må det ha bodd ein som heitte Hans her. I 1781 døydde sønnen Jon Hansen Leevei født 1763.

Iver Haldosen Hongslo født 1759 er den neste kjente husmannen. Han vart i 1787 gift med Guri Erichsdtr Prestegarden, som var oppvokse på Ljåmobakken. Dei fekk dattera Malena i 1785 da Guri hadde bosted Prestegarden, og i 1789 fikk dei dattera Guri og bodde på Leervei. Ved folketellinga i 1801 bodde familien på Leervej, uten at namnet på husmannsplassen er nemnt i folketellinga. Iver døydde på Leervei i 1846.

Dattera Guri vart i 1818 gift med Iver Arntsen Melbye, og dei vart boande på plassen. Dei fekk borna Iver 1818, Arnt 1819, Malena 1823, og Johan 1825. Ved folketellinga i 1865 bor Iver og Guri på plassen sammen med Malena og dattera hennes Gurina født 1856.

Sønnen Iver Iversen vart i 1849 gift med Karen Olsdtr Skjølberg, og Arnt vart i 1845 gift med Marit Bendixdtr Nerviksøra.

Dattera Malena vart i 1853 gift med Iver Andersen Byaløkken født 1827. Dei bodde på Byaløkken og fekk borna Anders i 1854 og Gurina i 1857. Iver Andersen døydde i 1859.

Ved folketellingene i 1865 og 1875 er Malena ført opp som bruker av plassen, og har dattera boande hos seg. Foreldra bor også på plassen. Gurina vart i 1882 gift med John Knudsen Eggen født 1831. Malena døydde i 1899.

Ved folketellinga i 1900 er det Anders Iversen, sønnen til Malena, som er husmann. Han er gift med Johanna Frantsdtr født 1853, og dei har dattera Idde født 1886. Ein sønn Fredrik.

| | født | gift | konf | død | |
|---|---|---|---|---|---|
| Guru Olsdtr | 1798 | | 1814 | | |
| gl. Maret | | | | 1772 | |
| Berit, enke | 1685 | | | 1782 | |

Folketelling 1801

| Gard | Pers. | First name | Surname | Household position | Age | Marital status | Occupation | Sex |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Grøtte | 19 | Iver | Haldosen | Husfader | 42 | Begge 1 gang | Husmand | M |
| Grøtte | 20 | Beret | Ericsdtr | Hans kone | 41 | Begge 1 gang | | K |
| Grøtte | 21 | Malena | Iversd | Børn | 17 | | | K |
| Grøtte | 22 | Guru | Iversdtr | Børn | 12 | | | K |
| Grøtte | 23 | Guru | Jonsdtr | Fostdatter | 2 | | | K |

Folketelling 1865

| Fornavn | Etternavn | Famstatus | Yrke | Sivstand | Alder | Kjønn | Fødested |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Iver | Arnts. | | Husmnd med Jord Løbmager | g | 72 | m | Ørkedalen |
| Guri | Iversd. | hans Kone | | g | 77 | k | Ørkedalen |
| Malena | Iverd. | deres Datter | Væverske | e | 42 | k | Ørkedalen |
| Gurina | Iversd. | hendes Datter | | ug | 9 | k | Ørkedalen |
| Karen | Olsd. | Logerende | Væverske og Spinderske | e | 47 | k | Ørkedalen |
| Lars | Ols. | hendes Søn | Skomager | ug | 20 | m | Ørkedalen |

Folketelling 1875

| Gård | Fornavn | Etternavn | Fam.st. | Alder | Siv.st. | Yrke | Kjønn | Fødested | Født |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Grøtte (Lerveien) | Malena | Iversd. | hm | 52 | e | Husmdsenke med Jord | K | Ørked. Pr. | 1823 |
| Grøtte (Lerveien) | Gurine | Iversd. | d | 18 | ug | Hjælper Moderen | K | Ørked. Pr. | 1857 |
| Grøtte (Lerveien) | Iver | Arnts. | Husmoderens Fader | | g | Delvis forsørg. af Fatks. | M | Ørked. Pr. | |
| Grøtte (Lerveien) | Guri | Iversd. | Hans Kone | 87 | g | | K | Ørked. Pr. | 1788 |
| Grøtte (Lerveien) | Lars | Ols. | Inderst | 75 | g | Laupmager | M | Ørked. Pr. | 1800 |
| Grøtte (Lerveien) | Lars | Ols. | hf | 29 | ug | Inderst Laupmager | M | Ørked. Pr. | 1846 |
| Grøtte (Lerveien) | Karen | Olsd. | Hans Moder %Kone% | 55 | e | Spinder og væver | K | Ørked. Pr. | 1820 |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Grøtte (Lerveien) | Karen | Larsd. | L. Olsens d | 4 | ug | | K | Ørked. Pr. | 1871 |
| Grøtte (Lerveien) | Mari | Elevsd. | Fattiglem | 66 | ug | Forsørg. af Ørked. Fatks. | K | Søndre Frons Pr. | 1809 |

Folketelling 1900

| Gård | Fornavn | Etternavn | Fam.st. | Alder | Siv.st. | Yrke | Kjønn | Født |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lervei | Anders | Iversen | Hf | 46 | g | Bygselmand og selveier | M | 1854 |
| Lervei | Johanna | Frantsd. | Hm | 47 | g | Gaardmandskone syselsat med husgjerning og kreatur | K | 1853 |
| Lervei | Idde | Andersd | D | 14 | ug | Datter syl væsentlig husgjerning | K | 1886 |